

## SFO Etne kommune

I SFO utviklar barn vennskap og fellesskap ei eit varmt og inkluderande sosialt miljø med aktive og lyttande tilsette som anerkjenner og verdset dei.

Gjennom vennskap, leik og læring skal SFO fremma kompetanse.

I SFO skal det vera rom for ulike typar leik. Leik som er både planlagte og organiserte, men også den frie leiken der born sjølv tar initiativ. Dei tilsette skal planleggja og leggja til rette for at barna har eit godt og innhaldsrikt leikemiljø.

### Måltid

På SFO blir det lagt til rette for daglege måltid som gir barn grunnlag for å utvikla matglede, kjensla av felleskap og gode helsevanar.

### Aktivitet

Rammeplanen for SFO seier at SFO skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar som er tilpassa barn i ulike alder og med forskjellig funksjonsnivå.

SFO skal ha eit helsefremmende innhald.

Leiken skal ha ein stor plass i SFO, og det skal vera tid og rom til leik kvar dag.

Dei vaksne skal diskutera og reflektera over kva som er eit godt leikemiljø, og korleis me legg til rette for dette hjå oss.

## Årsplan for SFO

Fast innhald i årsplan for SFO:

- Styrande lovverk, vedtekter og planar
- Satsingsområde
- Aktivitetar i SFO
- Samarbeid SFO-heim
- Årshjul
- Praktisk informasjon



### SFO styrer etter

Opplærinslova §13-7  
Kapittel 9A, Elevane sitt skulemiljø  
Vedtekten for SFO, Etne kommune  
Rammeplan for SFO  
Kvalitetplan for oppvekst, Etne kommune



## Opphaldstid

SFO følgjer skuleruta og er stengt 1. juli til 1. august. Det vil vera fem planleggingsdagar for dei tilsette på SFO, då vil det vera stengt på SFO.

Det er fem ulike alternativ for opphold og to ordningar. For dei som går i 1. klasse, vil det vera eit tilbod om 12 timer gratis kjernetid i skuleveke.

Meir informasjon:

<https://www.etne.kommune.no/barn-og-unge/skule/skulefritidsordning-sfo/>


## Samarbeid SFO - heim

SFO har som mål å ha eit godt og tett samarbeid med føresette. For å oppnå dette vil SFO leggja til rette for å etablera ein open og god dialog både i den daglege bringe- og hentesituasjonen og i foreldremøte.

SFO vil nyta same informasjonskanal som skulen.

## Årsplan på SFO

SFO-leiar har ansvar for å utarbeida ein lokal årsplan. Denne skal leggjast fram i det fyrste møtet i SU kvar haust.



## Søknad om opptak

Hovudopptak for hausten skjer med søknadsfrist 15.mars i år. I år må alle som vil nyta SFO søkja, sjølv om ein har plass frå før. Opptak til SFO gjeld til og med 4. trinn. Ein treng ikkje søkja for kvart når ein ynskjer å halda fram med SFO.

Dersom ein ynskjer plass i SFO for born som går i 5. - 7. årstrinn, skal det sendast ny søknad etter 4. trinn.

<https://skole.visma.com/etne/>

## Bemanning og leiing

Rektor har det overordna ansvaret for skulen si skulefritidsordning, og SFO skal ha dagleg leiar med relevant fagleg utdanning.

SFO skal ha ei forsvarleg bemanning, og born skal bli ivaretatt med tanke på omsorg, trivsel og tryggleik. Rettleiande gruppestørleik er 15 barn per vaksen.

Samarbeidsutvalet, SU, ved kvar skule er den lokale styringsgruppa for SFO.

Kjelder:

[Rammeplan for SFO \(udir.no\)](#)

[Lov om grunnskolen og den vidaregående opplæringa \(opplæringslova\) - Kapittel 13. Ansvaret til kommunen, fylkeskommunen og staten - Lovdata \(§13-7\)](#)